

Saksbehandlar: Marit Silje Årnes Husabø, Fylkesrådmannen
Sak nr.: 14/6276-2

Val av medlemmar/varamedlem til representantskapet i Sparebanken Vest

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjer framlegg om at det for perioden 2015 – 2019 vert valt medlem til Sparebanken Vests representantskap slik:

Medlem:

Medlem:

Varamedlem:

Vedlegg:

- 1: Brev frå Sparebanken Vest, datert 23. september 2014
- 2: Vedtekter for Sparebanken Vest

SAKSFRAMSTILLING

I brev av 23. september 2014 oppmodar Sparebanken Vest Sogn og Fjordane fylkeskommune om å velje 2 medlemmer og 1 varamedlem til banken sitt representantskap for perioden 2015-2019.

Fylkeskommunen har rett til å velje medlem med heimel i vedtektene for Sparebanken Vest § 3-1. Det er fylkestinget som er oppgjeve i vedtektene som den som skal gjennomføre valet av medlemmer. I følgje vårt delegeringsreglement ligg all valrett til fylkesutvalet. Vedtektene har ikkje delegeringssperre, og fylkesutvalet er såleis rett instans.

Noverande valperiode går ut når rekneskapsmøtet i mars 2015 er avvikla. Fylkesutvalet skal no velje medlem for fire år, for perioden 2015-2019. Medlemmer som vert valt skal vere geografisk fordelt innan fylket, jf. § 3-3 i vedtektene.

Sparebanken Vest opplyser at det per i dag er Margreta Navelsaker og Arvid Stenehjem som er medlemmer, med Svein Ottar Sandal som varamedlem. I følgje §10 i vedtektene kan Arvid Stenehjem ikkje veljast på nytt (12 års regelen). I følgje same paragraf kan han ev. veljast inn som varamedlem sidan han då går inn i eit anna tillitsverv (20 års regelen). Margreta Navelsaker og Svein Ottar Sandal kan veljast på nytt som medlem/varamedlem).

I brevet vert det vidare vist til sparebanklova § 19 som seier at medlemmen ikkje utan samtykke frå forstandarskapet kan vere tillits- eller tenestemann i andre kredittinstitusjonar, med visse unntak.

Dette til orientering for fylkesutvalet.